



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Morten Sageidet, 5557 2057

Vår dato
01.12.2017
Dykkar dato
31.10.2017

Vår referanse
2017/13295 421.3
Dykkar referanse
17/2562

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Uttale til søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for frådelling av bustad på gnr. 51 bnr. 9 på Landsvik, Meland

Vi viser til kommunen si oversending i saka.

Saka gjeld frådelling av ein bustad på gnr. 51 bnr. 9 på Landsvik. I dag er det to bustader på landbrukseigedomen, og nå ønskjer søkar å dele i frå den eine. Landbrukseigedomen er på 160 dekar, og av dette er ca. 25 dekar fulldyrka og 95 dekar innmarksbeite. Søknad om frådelling krev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen.

Huset som er søkt frådelt ligger midt inne på eigedomen, og det har også skjedd nokre frådellingar tidlegare. Nok ei frådelling vil føre til enda større fragmentering av landbrukseigedomen, med dei ulemper dette kan medføre.

Ein fritt omsetteleg bustad sentralt plassert på eigedomen vil kunne skape konflikhtar mellom bebuarar og landbrukseigedomen, noko som medfører restriksjonar knytt til drift. Ei frådelling her vil kunne skape presedens for andre frådellingssaker. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er lagt fram tungtvegande argument i oversendinga som oppfyller vilkåra for dispensasjon etter § 19-2 i plan- og bygningslova.

Det vil gå med noko innmarksbeite. Det må difor ligge føre samtykke til omdisponering og frådelling etter jordlova § 9 og § 12. Eigedomen har relativt mykje dyrka mark samla sett, og behovet for hus nr. 2 vil kunne vere til stades i framtida.

Med grunnlag i vurderinga over vil Fylkesmannen **rå i frå** at dispensasjon til frådelling av bustad på gnr. 51 bnr. 9 blir gitt.

Med helsing

Morten Sageidet
seniorrådgivar

Hege Brekke Hellesø
rådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

